



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Fjalerhuset, kommunestyresalen
Dato: 05.02.2026
Tid: Kl. 08:00

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Jarstad, Jostein	H
Taylor, Mark	MDG
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Haugsbakk, Marte	V

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Espedal, Leif Jarle	005/26	Ingen vara innkalla
Felde, Kjetil Høgseth	015/26	Ingen vara innkalla
Felde, Kjetil Høgseth	016/26	Ingen vara innkalla

Merknader:

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		25/1947
002/26	Godkjenning av protokoll		25/1947
003/26	Referatsaker		25/1947
004/26	Klage på vedtak om rettsleg klageinteresse - Konsesjon for overtaking av gbnr. 234/5		25/817
005/26	Byggesak - Klage på vedtak i delegert sak 192/25 - Opparbeiding og merking av tursti m.m. - gbnr 94/1 - Lendinga		25/1725
006/26	Dispensasjon til arealoverføring frå gbnr 236/5 og oppføring av einebustad - gbnr 236/35 - Grytøyra 91		25/1849
007/26	Byggesak - Dispensasjon for oppsetjing av Birdbox - gbnr 68/6 og 68/11		25/1905
008/26	KS Debattheft 2026 – Tid for taktskifte		26/132
009/26	Klage på vedtak om frådeling av to bustadtomter - gbnr 65/7 - Longehogen		25/737
010/26	Kommunedelplan for Dale - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram		24/1683
011/26	Prosjektrekneskap - Dingemoen skule		25/1932
012/26	Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering		25/1937
013/26	Framlegg til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel		24/1687
014/26	Rullering av handlingsprogram til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet		21/178
015/26	Støtte til Fjordkysten regional- og geopark		21/379
016/26	Støtte til Jakob Sande- senter for forteljekunst		17/293

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

002/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 002/26 Vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Formannskapet ynskjer svar på følgjande til neste kommunestyremøte:
Sunnfjord miljøverk:

- Kva er status på utlevering av dunkar til glas og metall. Mange delar av kommunen er framleis utan.
- Viser til sak i avisa Firda der SUM melde om fleire vegar dei ikkje køyrer. Formannskapet ynskjer ei oversikt over kva vegar det gjeld i Fjaler kommune.

Elles er referatsakene teke til orientering.

Røysting: samrøystes.

FOR- 003/26 Vedtak:
Referatsakene vert godkjende.

004/26: Klage på vedtak om rettsleg klageinteresse - Konsesjon for overtaking av gbnr. 234/5

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Klaga frå Anna-Linnèa Rundberg og Dag Jostein Furre Solheim om manglande klageinteresse vert ikkje teken til følge. Nærare grunngjeving går fram av saksframlegget.
Saka vert sendt vidare til Statsforvaltaren for vidare handsaming av klaga.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 004/26 Vedtak:

Klaga frå Anna-Linnèa Rundberg og Dag Jostein Furre Solheim om manglande klageinteresse vert ikkje teken til følge. Nærare grunngjeving går fram av saksframlegget.
Saka vert sendt vidare til Statsforvaltaren for vidare handsaming av klaga.

005/26: Byggesak - Klage på vedtak i delegert sak 192/25 - Opparbeiding og merking av tursti m.m. - gbnr 94/1 - Lendinga

Ugilde

Espedal, Leif Jarle

Følgjande varamedl. møtte

Merknad

Espedal er grunneigar. Ingen vara innkalla.

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §1-9 vert klage frå eigar av gbnr. 94/3, 4 på vedtak i delegert sak 192/25, i brev datert 23.12.2025, ikkje teke til følge. Formannskapet kan ikkje sjå at det føreligg nye moment i saka som tilseie ei endring av vedtaket og held fast på vedtak i delegert sak 192/25.

Saka oversendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Ordføraren Leif Jarle Espedal (AP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er grunneigar i saka. Ordføraren tredde frå møte under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitetsspørsmålet.

Formannskapet vedtok samrøystes at Leif Jarle Espedal (AP) var inhabil, jf. fvl. § 6 første ledd bokstav a.

Møteleiar: Marte Haugsbakk (V) var møteleiar i saka.

FOR- 005/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §1-9 vert klage frå eigar av gbnr. 94/3, 4 på vedtak i delegert sak 192/25, i brev datert 23.12.2025, ikkje teke til følgje. Formannskapet kan ikkje sjå at det føreligg nye moment i saka som tilseie ei endring av vedtaket og held fast på vedtak i delegert sak 192/25.

Saka oversendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

006/26: Dispensasjon til arealoverføring frå gbnr 236/5 og oppføring av einebustad - gbnr 236/35 - Grytøyra 91

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak langs sjø og arealføremålet LNF til opparbeiding av hage og arealoverføring frå gbnr 236/5 til gbnr 236/35 av inntil 260 m² der om lag ⅔ er i LNF-området, som omsøkt.

I samsvar med pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav for B4 i § 1.3 i kommuneplan sin arealdel, det vert også gjeve dispensasjon frå § 2.2 bokstav d, for utnyttingsgrad over 30% BYA (bustadføremål B4).

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

I samsvar med pbl. § 21-4 gjev Fjaler kommune rammeløyve til oppføring av einebustad på gbnr 236/35 som omsøkt.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 25.08.2025 med journaldato 26.11.2025, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via felles avkøyrsløp.
3. Rett til tilkomst over gbnr. 236/5 skal sikrast gjennom tinglyst erklæring. Erklæring om vegrett skal leggjast fram for tinglysing seinast samstundes som arealoverføring vert oppretta i grunnboka.
4. Erklæring om rett til å ha vass- og avlaupsleidningar liggjande på naboeigedom må leggjast fram for tinglysing seinast samstundes som arealoverføring vert oppretta i grunnboka, dersom desse vert plassert utanfor ny eigedomsgrense.
5. Utforming som vist i teikningar journalført 26.11.2025.
6. BYA: 216 m² der 36 m² er parkering, BRA: 286 m², der 58 m² er overbygd areal.

Rammeløyve gjev ikkje tilgang til å setje i gang arbeid på byggjeplass. Dette skjer gjennom søknad om igangsettingskløyve med tilhøyrande dokumentasjon av ansvarlege føretak.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 006/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak langs sjø og arealføremålet LNF til opparbeiding av hage og arealoverføring frå gbnr 236/5 til gbnr 236/35 av inntil 260 m² der om lag ⅔ er i LNF-området, som omsøkt.

I samsvar med pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav for B4 i § 1.3 i kommuneplan sin arealdel, det vert også gjeve dispensasjon frå § 2.2 bokstav d, for utnytingsgrad over 30% BYA (bustadføremål B4).

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

I samsvar med pbl. § 21-4 gjev Fjaler kommune rammeløyve til oppføring av einebustad på gbnr 236/35 som omsøkt.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 25.08.2025 med journaldato 26.11.2025, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via felles avkøyrsløp.
3. Rett til tilkomst over gbnr. 236/5 skal sikrast gjennom tinglyst erklæring. Erklæring om vegrett skal leggjast fram for tinglysing seinast samstundes som arealoverføring vert oppretta i grunnboka.
4. Erklæring om rett til å ha vass- og avlaupsleidningar liggjande på naboeigedom må leggjast fram for tinglysing seinast samstundes som arealoverføring vert oppretta i grunnboka, dersom desse vert plassert utanfor ny eigedomsgrense.
5. Utforming som vist i teikningar journalført 26.11.2025.
6. BYA: 216 m² der 36 m² er parkering, BRA: 286 m², der 58 m² er overbygd areal.

Rammeløyve gjev ikkje tilgang til å setje i gang arbeid på byggjeplass. Dette skjer gjennom søknad om igangsettingskløyve med tilhøyrande dokumentasjon av ansvarlege føretak.

007/26: Byggesak - Dispensasjon for oppsetjing av Birdbox - gbnr 68/6 og 68/11

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av birdbox (utleigehytte). Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Dispensasjon er gjeven på følgjande vilkår:

1. Dispensasjon er gjeven med utgangspunkt i omsøkt plassering.
2. Toalett som følgjer birdbox må plasserast maksimalt 4 meter frå birdbox.
3. Tiltak skal plasserast i terrenget og overflatehandsamast med dempende farge som brun, mørk grå eller mørk grøn.
4. Motorisert ferdsel skal handsamast etter Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.
5. Eventuelle ikkje søknadspliktige tiltak som benkar, bord og bålpanne må plasserast samla og med maksimal avstand på 5 meter frå birdbox.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 007/26 Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av birdbox (utleigehytte). Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Dispensasjon er gjeven på følgjande vilkår:

1. Dispensasjon er gjeven med utgangspunkt i omsøkt plassering.
2. Toalett som følgjer birdbox må plasserast maksimalt 4 meter frå birdbox.
3. Tiltak skal plasserast i terrenget og overflatehandsamast med dempende farge som brun, mørk grå eller mørk grøn.
4. Motorisert ferdsel skal handsamast etter Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.
5. Eventuelle ikkje søknadspliktige tiltak som benkar, bord og bålpanne må plasserast samla og med maksimal avstand på 5 meter frå birdbox.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

008/26: KS Debatthefte 2026 – Tid for taktskifte

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Framlegg:

Formannskapet stiller seg bak administrasjonen sine innspel med følgjande tilleggspunkt:

- Fullfinansiering av statlege reformer
- Sikre at helseføretak må ha ei finansiering som sikrar beredskapen i utkantkommunane.

Røysting: samrøystes

FOR- 008/26 Vedtak:

Formannskapet stiller seg bak administrasjonen sine innspel med følgjande tilleggspunkt:

- Fullfinansiering av statlege reformer
- Sikre at helseføretak må ha ei finansiering som sikrar beredskapen i utkantkommunane.

009/26: Klage på vedtak om frådeling av to bustadtomter - gbnr 65/7 - Longehogen

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §1-9 vert klage frå eigar av gbnr.65/58 til vedtak datert 17.10.2025 ikkje teke til følgje. Saka oversendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 009/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §1-9 vert klage frå eigar av gbnr.65/58 til vedtak datert 17.10.2025 ikkje teke til følgje. Saka oversendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

010/26: Kommunedelplan for Dale - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 010/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

011/26: Prosjektrekneskap - Dingemoen skule

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2471 Dingemoen skule vert godkjent slik den er lagt fram.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 011/26 Vedtak:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2471 Dingemoen skule vert godkjent slik den er lagt fram.

012/26: Vidareføring av Invest in Fjordane - kommunal medfinansiering

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Fjaler kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Fjaler kommunen sett av 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Fjaler (og dei andre eigarkommunane) sin andel av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 012/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Fjaler kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Fjaler kommunen sett av 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Fjaler (og dei andre eigarkommunane) sin andel av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

013/26: Framlegg til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Endringsframlegg om matjord, ved/ Taylor, Mark, MDG

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå «fortetting av utbygde areal bør alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.» til «fortetting av utbygde areal skal alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.»

Endringsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ Hovland, Connie,

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå "Viss jordbruksareal vert bygd ned, bør matjorda takast vare på og om mogleg nyttast som dyrka mark andre stader" til «Viss jordbruksareal vert bygd ned, skal det lagast ein plan for ivaretaking av matjord.

Endringsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ Hovland, Connie

Strategi om gamalskog vert endra frå: "Vi bør unngå nedbygging av naturlege karbonlager som myr og gamalskog. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket" til «Vi skal unngå nedbygging av samanhengande område med naturskog av høgare kvalitet. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket. »

Røysting endringsframlegga frå kommunedirektøren: samrøystes

Røysting endringsframlegg frå MDG om matjord: samrøystes

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegga: kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegga vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 013/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå "Viss jordbruksareal vert bygd ned, bør matjorda takast vare på og om mogleg nyttast som dyrka mark andre stader" til «Viss jordbruksareal vert bygd ned, skal det lagast ein plan for ivaretaking av matjord.

Strategi om gamalskog vert endra frå: "Vi bør unngå nedbygging av naturlege karbonlager som myr og gamalskog. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket" til «Vi skal unngå nedbygging av samanhengande område med naturskog av høgare kvalitet. Ulempene ved eventuell nedbygging må vurderast opp mot samfunnsnytta ved tiltaket. »

I den siste arealstrategien om jordvern i strategiar for Bygdeutvikling, vert ordlyden endra frå

«fortetting av utbygde areal bør alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.» til
«fortetting av utbygde areal skal alltid vurderast før nytt jordbruksareal vert omdisponert.»

014/26: Rullering av handlingsprogram til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjent med dei endringane som er lagt inn.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 014/26 Vedtak:

Handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjent med dei endringane som er lagt inn.

015/26: Støtte til Fjordkysten regional- og geopark

Ugilde

Felde, Kjetil Høgseth

**Følgjande varamedl.
møtte**

Ingen vara innkalla

Merknad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune løyver 313 055 til Fjordkysten regional- og geopark for 2026. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Fjordkysten regional- og geopark. Kjetil Felde tredde frå møtet.

Handsaming habilitetsspørsmålet:

Formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e.

Ingen vara var innkalla.

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg:

kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 015/26 Vedtak:

Fjaler kommune løyver 313 055 til Fjordkysten regional- og geopark for 2026. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

016/26: Støtte til Jakob Sande- senter for forteljekunst

Ugilde

Felde, Kjetil Høgseth

Følgjande varamedl. møtte

Ingen vara innkalla.

Merknad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune løyver 200 000 til Jakob Sande - senter for forteljekunst. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.
2. Vi set som krav at Jakob Sande - senter for forteljekunst tar ei avgjerd knytt til konsolidering i løpet av fyrste halvår 2026.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan ektefelle er styreleiar i Jakob Sande - senter for forteljekunst. Kjetil Felde tredd frå møtet.

Handsaming habilitetsspørsmålet:

Formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav b.

Ingen vara var innkalla.

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg:

kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 016/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune løyver 200 000 til Jakob Sande - senter for forteljekunst. Løyvinga vert teken frå disposisjonsfondet.
2. Vi set som krav at Jakob Sande - senter for forteljekunst tar ei avgjerd knytt til konsolidering i løpet av fyrste halvår 2026.